

Anne Toppe Myrdal

Postboks 11 Lønborg
5818 Bergen


OM UTFØRTE ARBEID PÅ GRUNNMUR, DRENERING M.M.

Eg viser til utført arbeid i perioden frå 27.01.16 til 23.09.16. Det gjeld i all hovudsak arbeid med drenering og masseutskifting lang aust- og sørveggen framom huset og elles nokre mindre arbeid på vest- og austveggen.

Eg viser elles til ein eigen rapport frå Berit Bruvik Tørrmuring datert 5. juli 2015. Denne omhandlar den noko større reparasjonen på vestveggen, dvs. refundamentering og sikring av denne, eit tiltak som inngår i den same tiltaksplanen.



Som omtala i søknaden om tilskot, var det oppstått eit betydeleg problem med vatn inn mot og langs grunnmurane særleg i den sørlege delen. Problemet vart forsterka for nokre års sidan i samband med anleggsarbeid utført av BKK og tidlegare inngrep ved



Statens vegvesen og kommunale etatar. Etter det har vatnet teke nye vegar og blitt eit påtakeleg problem på eigedomen, m.a. har det etablert seg eit nytt bekkefar, dette kjem i tillegg til vanleg overflatevatn. Eldre dreneringssystem var øydelagde og det viste seg nødvendig å grava grøft og leggja ned nye dreneringsrøyr i ei strekkje på ca. 50 meter. Det er blitt grave både for hand og maskin. Røyr er lagde



ned og tildekte med drenerande masse. Etter det du har opplyst, verkar den nye dreneringa i det aktuelle området tilfredsstillande. Fotoa ovanfor viser den nedre delen av grøfta, fotoet til venstre den øvre delen som tek



utgangspunkt i eit nytt bekkefar lengre oppe på eigedomen.

Det er vidare utført noko arbeid på veggjen mot vest. I all hovudsak galdt dette å høgja det estetiske uttrykket på ein del av murverket som tidlegare hadde vore dekt av andre

bygningsdelar og klatta til med restar av betong. Elles er grunnmuren mot aust kontrollert og noko pinning og kiling utført.

Med dette er dei avtalte tiltaka gjennomførte i samsvar med tiltaksplanen.

Frekhaug 21.11.16

Med venleg helsing

Haakon Aase

Anne Toppe Myrdal

Helleveien 246, 5039 Bergen

RAPPORT OVER REPARASJON AV GRUNNMUR

Hei Anne.

Nå er arbeidet med reparasjon av grunnmur ferdig utført.

Det var heldigvis ikke nødvendig å måtte demontere større deler av muren.

Det var store spalter i murverket, som igjen førte til at murlivet hadde en kraftig utglidning.



Når det gjelder innervangen, var skadebildet mer uklart. Etter at vi fikk sikret deler av veggen med dekkestøtter og annen type støtter, fikk vi et bedre overblikk av skadeomfanget, og hvilke tiltak vi kunne gjøre.

Det viste seg at grunnsteinene var lagt på skrått fjell, som igjen har ført til at steinene var skjøvet ut.

Av det vi kunne se, var det mye jord bakom muren.

Det samlet seg og vann som ikke rant unna.

Dette har nok vært med på å påvirke skaden.

Rekneskap for Grunnmur på Søre Lønborg, gnr 168, bnr 2079

Kostnader

Eige arbeid og dugnad	14 000,00
Haakon Aase Tørrmuring	4 687,50
Berit Bruvik Tørrmuring	34 286,37
Haakon Aase Tørrmuring	9 000,00
Haakon Aase Tørrmuring	10 000,00
Haakon Aase Tørrmuring	23 444,38
Haakon Aase Tørrmuring	14 804,63
Haakon Aase Tørrmuring	26 238,50
Vatle entreprenør, gravemaskin	13 918,75
Rørleggermester Jarle Toppe, materiell	21 399,25
Åsane Sand og Singel, materiell	3 430,00
Norstone, materiell	1 994,00
Norstone, materiell	2 039,00
Samla kostnader inkl. mva.	179 242,38

Inntekter

Eige arbeid og dugnad	14 000,00
Norsk kulturminnefond	28 000,00
Stiftelsen UNI	10 000,00
Hordaland fylkeskommune	15 000,00
Byantikvaren i Bergen	20 000,00
Eigen finansiell innsats	92 242,38
Samla inntekter	179 242,38

Lønborg 21.11.16

Anne Toppe Myrdal